



Protokoll

Studentparlamentsmøte 01.11.23

Tid Onsdag 01.11.23 kl 16.00
Stad Konferanserommet, Rokken 2. etg.

Til stades med stemmerett: 9

AHL Elisabeth Myrås Olsen, Severine Riise Eidem
AKF Liza W. Nieuwenhuis (V)
AMF Åshild Moger, Karsten Quix
ASH Lovise Andrea Valderhaug (V)
FRI Sander Franck Allman (AMF) tom. sak 19, Daniel Svindseth Pettersen (AHL), Sander Fredrik Nesvik Jensen (ASH), Steffen Savland (V fom. sak 20)

Meldt forfall: Vivian Mjelve (AKF), Amalie Benberg (ASH), Aleksander Husby (AKF), Desmond Sharukai (ASH), Ronda-Kristine Bekkevoll (AU)

Til stades utan stemmerett

AU Ammy Bolme (leiar), Maher Othman (int.), Veronica Bjørdal Sæternes (velferd), Tuva Bergersen (fagansvarleg)
Ordstyrar Andrine Kompen
Referent Marit Aklestad (organisasjonsrådgjevar)
Andre møtande Studenthumanist Lone Knutsen og studentprest Ruth-Eva Sollie (sak 17), prosjektleiar i Norsk Innovasjonssenter Nina Viddal (sak 19), styreleiar i SiVolda Sindre Rabben Tronstad og dagleg leiar på Rokken Åge Staurset (sak 20).

Saksliste

| | |
|------------------------------------------------------------------|----|
| Sak 12 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll | 3 |
| Sak 13 – 23/24: Godkjenning av sakslista | 3 |
| Sak 14 – 23/24: Orienteringar | 4 |
| Sak 15 – 23/24: Suppleringsval, råd og utval ved HVO | 5 |
| Sak 16 – 23/24: Suppleringsval, vara til Studentparlamentet..... | 5 |
| Sak 17 – 23/24: Intro til velferdsgruppa ved HVO..... | 6 |
| Sak 18 – 23/24: Innspel til HVO sine investeringsmidlar..... | 6 |
| Sak 19 – 23/24: Presentasjon av Norsk Innovasjonssenter..... | 9 |
| Sak 20 – 23/24: Presentasjon av SiVolda og Rokken..... | 10 |
| Sak 21 – 23/24: Revidering av budsjett 2023..... | 10 |
| Sak 22 – 23/24: Arbeidsprogram 23-24..... | 11 |

Sak 12 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll

Namneopprop. 9 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Vedtak (samrøystes):

- Studentparlamentet godkjende møteinnkallinga.
- Maher Othman og Tuva Bergersen vart valde til teljekorps for møtet
- Studentparlamentet godkjende protokollen frå møte 12.10.23.

Sak 13 – 23/24: Godkjenning av sakslista

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: ordstyrar

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtok fylgjande dagsorden med sakslista for møtet:

- Merknad: sak 16 blei flytta fram til mellom sak 12 og 13.

| | | Dagsorden med sakslista for møte 01.11.23 | | Saksframlegg |
|-------|----|---------------------------------------------|---|----------------------|
| 16.00 | 00 | Felles middag | | |
| 16.30 | 12 | Godkjenning av innkalling og protokoll | V | Ordstyrar |
| | 13 | Godkjenning av sakliste | V | Ordstyrar |
| | 14 | Orienteringar | O | Leiar |
| 16.45 | 15 | Suppleringsval, råd og utval ved HVO | V | Velferdsansvarleg |
| | 16 | Suppleringsval, vara til Studentparlamentet | V | Fagansvarleg |
| 17.00 | 17 | Intro til Velferdsgruppa ved HVO | O | Velferdsgruppa |
| 17.30 | 18 | Innspeil til HVO sine investeringsmidlar | V | Leiar |
| 17.50 | 19 | Norsk Innovasjonssenter | O | Gjest |
| 18.15 | 20 | Presentasjon av SiVolda og Rokken | O | SiVolda |
| 18.40 | 21 | Revidering av budsjett 2023 | V | Internasj. ansvarleg |
| 18.50 | 22 | Arbeidsprogram 23-24 | V | Leiar |
| | | Eventuelt | | |
| 19.30 | | Møteslutt, møtekritikk | | |
| | | | | |
| | | Eventuelt | | |
| | | Møteslutt, møtekritikk | | |

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Sak 14 – 23/24: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Studiebarometeret 2023 – oppmode medstudentar til å svare
- Status, sak om gratis sanitærprodukt
- Solidaritetsmarkering for sivilbefolkninga i Gaza: vellykka markering utanfor mediebygget måndag 30.10.23.
- Hope Cafe 9. eller 10. november i regi av velferdsgruppa
- Bordtennisturnering 15.11.23
- Julemarknad/juleloppemarknad 1. desember

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

- Arbeidsgruppa for Miljøfyrtårn har hatt første møte, ønskjer å få tips og innspel til korleis arbeidet kan bli meir kjent ute blant studentane. Innspel:
 - o Ha ei veke med ekstra fokus på miljø
 - o Få inn Studentradio, Student-TV, SiVolda
 - o Støttar det med å bruke radio og TV til å fremje budskapet. Endre namn til «Grøn veke», ofte kastar studentar panten feil, så vi kan setje opp ein panteboks og sjå kor mykje vi har fått inn ila veka som kan gå til ei god sak.

Info frå studentane i styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 15 – 23/24: Suppleringsval, råd og utval ved HVO

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Velferdsansvarleg

Amalie Benberg vart vald til fast studentrepresentant til Skikkanemnda på førre møte. Ho har trekt seg frå dette vervet. Vararepresentantar rykkjer dermed opp, og samansetjinga av studentar i utvalet ser då slik ut:

1. Joachim Selsbakk Hansen
2. Elisabeth Myrås Olsen
1. vara: Tuva Bergersen
2. vara: ledig verv

Desse stilte til val: Lovise Andrea Valderhaug

Votering: akklamasjon

Vedtak: Lovise Andrea Valderhaug vart vald til 2. vara i Skikkanemnda 23-24

Sak 16 – 23/24: Suppleringsval, vara til Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Fagansvarleg

AU føreslo Liza Wilhelmina Nieuwenhuis som ny 1. vara til Studentparlamentet frå avd. for Kulturfag. AU føreslo å gi henne røysterett allereie frå dette møtet, sidan vi har forfall frå AKF.

Votering: akklamasjon

Vedtak (samrøystes):

- Liza Wilhelmina Nieuwenhuis vart vald til 1. vara til Studentparlamentet frå AKF.
- Liza får røysterett i møtet.

Sak 17 – 23/24: Intro til velferdsgruppa ved HVO

Type sak: Orienteringssak
Saksframlegg: Gjestar: Studenthumanist Lone Knutsen og studentprest Ruth-Eva Sollie

Lone Knutsen og Ruth Eva Sollie presenterte samtaletilbodet sitt, samt arbeidet i velferdsgruppa med å skape lågterskel sosiale møteplassar som «dagen før dagen» ved studiestart, «Mat og prat» og «snakkis». Studentparlamentet fekk kome med tilbakemeldingar på om tilbodet treffer studentane og kva ein ønskjer seg meir av framover.

Sak 18 – 23/24: Innspel til HVO sine investeringsmidlar

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Leiar
Vedlegg: Vedlegg 2. AU si innstilling til prioritert liste, innspel investeringsmidlar HVO

Kvart år set høgskulen av midlar til nyinvesteringar på høgskuleområdet. Både avdelingane og Studentparlamentet har høve til å spele inn behov og ønske for kva som trengst av oppgraderingar på campus. AU har utarbeida ei innstilling til prioriteringar på bakgrunn av innspel frå førre møte i Studentparlamentet (12.10.23. sak 10/23-24) og allmøte for tillitsvalde 24.10.23.

Debatten: Studentparlamentet drøfta lista i grupper før plenumsdebatt. Det vart i fellesskap gjort nokre mindre endringar/justeringar på lista.

Votering: samrøystes

Vedtak: Studentparlamentet si prioriterte liste for innspel til HVO sine investeringsmidlar:

Kategoriar for prioritering:

Grønt – 1. pri

Gult – 2. pri

Oransje – ikkje prioritert i år og/eller ikkje relevant

Raudt – ikkje relevant for investeringsmidlane, men AU vil følgje opp gjennom å melde inn som feil/avvik

| Tiltak | Endeleg vedtak Stud.parlamentet |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------|
| | |
| Gamle Kaarstad | |
| Nye stolar til klasseromma. Dei som er der er vonde og knirkar. | |
| Smøring av knirkete stolar | Melde til Eigdeom |
| Trekkfulle vindauge på klasserom KAA 108, KAA 208 | Melde til Eigedom |
| Heis i ustand. Går ut over personar med nedsett funksjonsevne, studentar med barnevogn m.fl | |
| Vatnet i vassautomatane har dårleg smak, bør skiftast, evt få ordentleg kran som på BK. Studentar fyller heller vatn på toalettet enn å bruke dei. | |
| Meir sitjeplassar i alle etasjar | |
| Kaldt i klasseromma | Melde til Eigedom |
| Fleire stikkontakter på grupperomma på KAA | |
| Kaffimaskin. Tungvint å måtte til BK for kaffi | Melde til SiVolda |
| «Nye» Kaarstad | |
| Manglande universell utforming på inngangsdør til treverkstaden | |
| Betre ventilasjon og varme på kunstavdelinga + musikk, teater og drama. Glovarmt om sommaren, iskaldt om vinteren på klasserom/spesialrom | |
| Nye stolar på teiknesalen med hjul og hev/senk-funksjon. Gi betre arbeidsstilling for studentane | |
| Kaffimaskin. Tungvint å måtte til BK for kaffi | Melde til SiVolda |
| Lydisolasjon på teater og dramaseksjonen | |
| BK | |
| Fleire bord, sitjeplassar og møblement 1. etg. og 2. etg. på biblioteket. Fleire gode stolar. | |
| Fleire grupperom | |
| Ubehagelege «gyngestolar» på undervisningsrom 1. etg. BK | |
| Manglar stikkontakter på undervisningsrom 1. etg. BK | |
| Behov for fleire sitjeplassar i fellesareal 2. etg. BK. Dei minste, nye sitjegruppene fungerer ikkje så godt, er plass til fleire av dei største setta (6-8 pers) med sitjegrupper, flytt heller dei minste (2 pers) mot trappa. | |
| Meir sosiale møblar på fellesarealet 2. etg. Dei nye blir opplevd som lukka. | |
| Oppgradering av aviskroken utanfor biblioteket | |
| Sivert Aarflot | |
| Problem med skjermar på klasserom til PR-studentane | Melde til Eigedom + IT |
| Merk: problemet er HDMI-kablane, ikkje sjølve skjermene | Melde til Eigedom + IT |
| Tilgang til SAA for studentar som ikkje går der. | Melde til Eigedom |
| Ønske om fleire sitjeplassar og lågare bord i kaffikroken 1. etg. SAA | |

| | |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------|
| Vanndispensar SAA (der er ingen i dag, må fylle vatn på toalettet) | |
| Problem med lunka vatn i krana, kjøkkenkroken ved Animasjon | Melde til Eigedom |
| Aasen | |
| Brusautomatar i ustand – får ikkje ut det ein har betalt for | Melde til SiVolda |
| Manglar stikkontakter Aasen auditorium | |
| Generelt HVO | |
| Dårleg internettforbinding | Melde til IT |
| Kaldt i kantina | Melde til Eigedom |
| Hev/senk-pultar på leseplassar bibliotek, grupperom, masterlesesal | |
| Generelt kaldt på HVO | Melde til Eigedom |
| Ønske om fleire brusautomatar på campus | Melde til SiVolda |
| Undervisning på Uppheim: ikkje plass til alle på barnevern/sosionom, må sitje/stå bakerst med PC på fanget. Vanskeleg å halde ut ein heil undervisningsdag. | Melde til avdelinga ASH |
| Har biblioteket avslutta abonnement på enkelte aviser? Saknar Vårt Land. | Melde til biblioteket |
| Fast kaffiavtale | Spele inn til SiVolda |
| Meir kunst rundt på campus. Gjerne frå eksisterande eller avgåtte studentar. | |
| Det manglar bilete av Mediebygget på skiltet av Campus utanfor Kaarstad | Melde til Eigedom |
| Uteområde HVO | |
| Fleire utemøblar på campus | |
| Parkeringsbevis. Unngå at p-plassar blir okkupert av folk som ikkje høyrer til på HVO | |
| Fleire parkeringsplassar | |
| Breidare parkeringsluker tilpassa dagens bilar | |

AU sender inn høyringssvar med prioritert liste innan fristen, 02.11.23.

Sak 19 – 23/24: Presentasjon av Norsk Innovasjonssenter

Type sak: Orienteringssak
Saksframlegg: Gjest: Nina Viddal i Norsk Innovasjonssenter

Prosjektleder Nina Viddal i Norsk Innovasjonssenter presenterte planene for senteret og det nye Aasen-kvartalet som skal realiserast dei komande åra. Det gamle Aasen-bygget skal rivast når Strøm-bygget blir tatt i bruk no i vinter, og det skal kome eit heilt nytt kvartal med alt frå auditorium, kafe, arbeidsrom, framtidssløyd og hotellfunksjon på toppen. Høgskulen vi vere ein av fleire leigetakarar.

Planlagt opning av 1. byggjetrinn, som er Aasen-bygget, er 3. kvartal 2026. Prosjektet vart nyleg kjøpt opp av Sisa Invest, der Bjørn Dæhlie er investor. Det betyr at skissene som tidlegare har vunne arkitektkonkurransen, blir lagt bort, og det nye selskapet vil utarbeide nye skisser.

Volda kulturnæringshage, der prosjektleder Nina har kontor, vil flytte til Hamna 20 ila vinteren 2024, der dei vil prøve ut ulike prototypar og arbeidsfellesskap som vil vere aktuelle for det nye innovasjonssenteret.

Nina vil gjerne invitere til workshop seinare for å kome med innspel til innhaldet i bygget.

Spørsmål frå studentparlamentet

Er det framleis planar om hotell på toppen?

- Vi håpar det, men for at det skal løne seg, er det ønskeleg med minst 100 rom, og det som har vore planlagt til no, er noko mindre.

Kva forventar de av studentane, og korleis blir dei inkludert i prosjektet?

- At det skal bli nyttig for den faglege utviklinga til studentane, kome innom og benytte seg av tenestene og funksjonane i senteret
- Studentar i internship, trainee-ordning, praksisplassar, kople dei tettare til arbeids- og næringslivet rundt og deira behov
- Studentleder Ammy Bolme sit i dag i referansegruppe for innovasjonssenteret

Sander Franck Allman fråtrede, og Steffen Savland tok sete som vara.

Sak 20 – 23/24: Presentasjon av SiVolda og Rokken

Type sak: Orienteringssak
Saksframlegg: Gjestar: Styreleiar i SiVolda Sindre Rabben Tronstad og dagleg leiar på Rokken Åge Staurset.

Styreleiar i SiVolda, student Sindre Rabben Tronstad, presenterte Studentsamskipnaden i Volda – SiVolda, som er ein heilt sentral velferdsorganisasjon for studentane i Volda der studentane sjølve har stor moglegheit for å påverke drifta og utviklinga.

Rokken er eit eige AS under SiVolda. Dagleg leiar på Studenthuset Rokken, Åge Staurset presenterte huset og Studentsamfunnet i Volda. Det er framleis behov for fleire frivillige, men stoda er mykje betre enn for eit år sidan. Dei er alltid på jakt etter nye innspel frå studentane på aktivitetar og program å fylle huset med for å skape meir liv og eit levande studenthus heile veka.

Innspel:

- HVO kan innføre ei ordning med frivillighetspermisjon frå studiet: moglegheit til å få nokre ekstra timar eller dagar i året til frivillig innsats. Måte å få opp studentengasjementet og få studentar til å seinke skuldrane litt for å kunne ta på seg verv.

Sak 21 – 23/24: Revidering av budsjett 2023

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Internasjonalt ansvarleg

AU la fram forslag om å justere litt mellom budsjettpostane for 2023 for å dekkje behovet til Studentparlamentet best mogleg:

AU sitt forslag til vedtak: Studentparlamentet reviderer budsjettet slik:

- 13.000 kr blir flytta frå budsjettposten «kurs og seminar» til «info og profilering»
- 5.000 frå budsjettposten «sosialt» til «møter»

Debatten: Studentparlamentet hadde ingen motførestillingar mot den føreslåtte justeringa mellom budsjettpostar.

Votering: samrøystes

Vedtak: Studentparlamentet reviderer budsjettet slik:

- 13.000 kr blir flytta frå budsjettposten «kurs og seminar» til «info og profilering»
- 5.000 frå budsjettposten «sosialt» til «møter»

Sak 22 – 23/24: Arbeidsprogram 23-24

| | |
|---------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Type sak: | Vedtakssak |
| Saksframlegg: | Internasjonalt ansvarleg |
| Vedlegg: | Vedlegg 3: Arbeidsprogram frå i fjor, 22-23 Vedlegg 4: Prinsippprogram 22-26 Vedlegg 5: AU si innstilling til arbeidsprogram 23-24 |

Kvart år vedtek Studentparlamentet eit arbeidsprogram som blir styrande for korleis AU legg opp arbeidet og kva som vert prioritert gjennom året. Studentparlamentet starta diskusjonen på sist møte, 12.10.23., og AU har på bakgrunn av det utarbeidd utkast til nytt arbeidsprogram 23-24.

Debatten: gruppearbeid før plenumsdebatt. Ingen endringsforslag.

Votering: samrøystes

Vedtak: Studentparlamentet vedtek AU si innstilling til nytt arbeidsprogram for 23-24.

Det endelege arbeidsprogrammet 23-24 ligg vedlagt i eige notat.

Ingen eventuelt-saker.

Møteslutt kl: 19.30

Møtekritikk etter formell møteslutt.